



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
25.05.2018
Dykkar dato
04.04.2018

Vår referanse
2018/4390 561
Dykkar referanse
17/8661

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen rår frå utbygging av Opedal Ljosverk

Fylkesmannen meiner at bygging av kraftverk i Opo i Lofthus vil vere i strid med verneverdiane som låg til grunn for vassdragsvernet, jf. vassressurslova § 35 pkt. 5.

Landskapet i området har stor symbolsk verdi. Samla belastning på naturmangfald og vassdragsnatur i Sørfjorden tilseier at det ikkje er rom for å gi konsesjon.

Fylkesmannen rår frå utbygging.

Kraftverket skal nytte fallet i elva Opo (Opsjø) i Lofthus i Ullensvang. Vassdraget vart verna i Verneplan I frå 1973. Grunnlaget for vernet er urørt vassdragsnatur og flotte fossar. Store deler av nedbørsfeltet ligg innanfor Hardangervidda nasjonalpark.

Om utbygginga

Utbyggjar vil nytte nedre del av vassdraget, frå kote 187 til om lag kote 113. Inntaket er plassert ved eksisterande bru, som må erstattast med ei ny. Det blir gangveg over dammen, men det vil ikkje vere mogleg å krysse elva her i anleggstida. Vassvegen som vert lagt i røyr, vil bli om lag 820 meter. Den vil først følgje eksisterande traktorveg, og vegen må utvidast med 3 meter. Deretter går røyret i terrenget i om lag 270 meter. Ein må grave og delvis sprengje. Utbyggjar vil arrondere terrenget etter utbygginga. Tilkomst til kraftstasjonen vert ved ny 150 meter veg som går ut frå eksisterande veg i området.

Det er foreslått minstevassføring på 1400 l/s om sommaren og 140 l/s om vinteren. Kraftverket skal ha installert effekt på 0,99 MW og vil gi ein årleg produksjon om lag 5,5 GWh.

Utbyggjar sine vurderinga av konsekvensar

Biologisk mangfald

Det er registrert lauvskog med skorpefylltav på nordsida av Opo, som blir påverka av fuktigheit frå elva. Denne påverknaden blir noko redusert, men utbyggjar meiner at

reduksjonen i vassføringa er liten, og har sett konsekvensen for terrestrisk miljø til *liten – middels* negativ.

Landskap, friluftsliv og reiseliv

Ein må byggje ny dam, inntak og inntaksbasseng, men utbyggjar meiner likevel at landskapet blir berørt i liten grad. Ein viser til at røyrgata skal gravast ned og meiner den ikkje bli synleg, sjølv om det må utførast noko sprenging.

Reiselivsnæringa i området er viktig. Turistar og lokale brukar turstiane som går frå fjorden og opp langs vassdraget. Turen «Elvadalen» er på 1,5 km. Anleggsfasen vil opplevast negativt for besøkjande, men utbyggjar viser til andre turruter i regionen som ein kan velje i denne perioden. Samla sett meiner utbyggjar at tiltaket har *liten negativ* konsekvens på friluftsliv og landskap.

Verna vassdrag

Utbyggjar meiner at Stortingets vernevedtak om Opo gjeld øvre delen av vassdraget, som er karakterisert med flotte fossar og urørt natur. Foreslått utbygging ligg i nedre del og gir minimalt med nye inngrep. Området og vassdraget er alt påverka av vegar og betongkonstruksjonar. Konsekvensen for vernet er vurdert å vere *liten negativ*.

Samla belastning

Utbyggjar viser til at ein stor del av vassdraga i Ullensvang er verna. I tillegg til Opo gjeld dette Kinso, Bjotveitelvi, Erdalsvassdraget, Veig og Kvenna. Då foreslått utbygging berre gjeld ein mindre strekkje av vassføringa til Opo meiner dei at utbygginga samla sett vil få liten innverknad på landskapet.

Fylkesmannen sin vurdering av konsekvensar

Friluftsliv, landskap, reiseliv og turisme

I søknaden er inngrepa i hovudsak omtala i tekst. Den inneheld ingen bilete eller anna visualisering som viser vassføring og landskap etter inngrepet. Dette gjer at dei negative verknadane ved utbygginga vert underkommunisert.

Landskapet i Lofthus og områda rundt har stor symbolsk verdi i ein internasjonal samanheng. Området er og viktig for nasjonalt og regionalt friluftsliv, reiseliv og turisme langs Sørfjorden og i Lofthus. Turen i Elvadalen og dei andre turane i området vert er mykje brukt av lokale og tilreisande. Av desse er Munketreppene med Dronningstien - H.M. Dronning Sonjas panoramatur særleg godt kjent.

Den urørte elva i Elvadalen er eit viktig element i opplevingsverdiane på denne turen, som er lett tilgjengeleg for mange brukargrupper. Utbygging av elva vil etter vårt syn vere svært negativt for store målgrupper. I dagens forvaltning av verdifulle naturområde bør ein ha søkjelys på å sikre og restaurere vassdragsnaturen, og å hindre nye utbyggingar i viktige område.

Verdiane i verna vassdrag og samla belastning

Vernevedtaket for Opo har som grunnlag at vassdraget ligg i eit attraktivt og kontrastrikt landskap. Elva strekkjer seg frå høgfjellet på Hardangervidda, går i bratte og spektakulære

fossar over platakanten, vidare ned dalføret og ut til fjorden ved Lofthus. Landskap, friluftsliv og naturmangfald er viktige tema. Vernevedtaka for dei fem vassdraga i området vart vurdert som ein heilskap frå høgfjellsplataet til fjorden i vest og i nord, saman med Hardangevidda nasjonalpark.

Fylkesmannen vil vidare peike på at målsettinga å ta vare på heilskapen i vår vassdragsnatur seinare er forsterka gjennom ulike stortingsmeldingar og føringar for arealpolitikken, ikkje minst når det gjeld biologisk mangfald, landskap og friluftsliv. Naturtypen «elveløp» er plassert som nær truga (NT) i den nasjonale raudlista for naturtypar. For å sikre naturtypen er det viktig å halde vassdragsstrenger i sentrale elver urørt.

Fylkesmannen er usamd med utbyggjar i at nedre del av Opo ikkje er viktig for heilskapen i vassdraget. Utbygging vil etter vår vurdering vere i strid med målsettinga om å ta vare på samanhengande naturområde, både ut frå biologisk mangfald og ut frå landskap og opplevingsverdi. Opo-vassdraget viktig for Lofthus og Sørfjorden, då ein her kan oppleve heilskapen frå fjell til fjord tydeleg.

Fylkesmannen vil og vise til det høge trykket på vassdragsnaturen i Hardanger. Sørfjorden har 20 kraftverk som alt er utbygde eller fått løyve til bygging. Ut frå ei vurdering om samla belastning på vassdragsnaturen meiner vi at det ikkje er rom for meir kraftutbygging i regionen.

Vi vil og vise til grunngjeving for NVE sine avslag på søknad om utbygging av kraftverk i Tveisme, Bjotveitelv, Skjeldvikelva og Øvre og Nedre Digranes. Omsyn til landskapsverdiane og samla belastning vart vektlagt høgt i desse sakene. Grunngjevinga for avslag i desse vedtaka er etter vår vurdering relevant for vurdering av konsesjonssøknaden for Opo.

Vi meiner at tidlegare utførte inngrep i og nær busetnad i Lofthus ikkje kan nyttast som argument for utbygging. I forvaltning av dette eineståande og spektakulære landskapet er det særleg nødvendig og viktig å leggje til grunn rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag.

Konklusjon

Bygging av eit småkraftverk i Opo i nedre del av vassdraget vil etter vår oppfatning vere i strid med verneverdiane som låg til grunn for vassdragsvernet, jf. vassressurslova § 35 pkt. 5. Landskapsverdiane i området har internasjonal verdi og må hegnast om. Samla belastning på naturmangfald og vassdragsnatur i Sørfjorden tilseier at det ikkje er rom for å gi konsesjon til bygging av kraftverk i Opo i Lofthus.

Fylkesmannen rår frå prosjektet.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernssjef

Anniken Friis
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Ullensvang herad

Forum for Natur og Friluftsliv i

Hordaland v/ Bergen Turlag

Hordaland fylkeskommune

Miljødirektoratet

Heradshuset

Tverrgt. 4/6

Postboks 7900

Postboks 5672 Sluppen

5780

5017

5020

7485

Kinsarvik

BERGEN

Bergen

TRONDHEIM